



Tre blad Eskeland frå Rosendal gjekk på skøyter i Uskedalen laurdag. Frå venstre står Kristoffer, Sondre og Jonatan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har allereie vore sikker skeiseeis nokre dagar på Fjellandsbøvatnet og no er isen 10-12 centimeter tjukk. Innsiget av begeistra skeise-entusiastar er difor godt i gang og då uskedalen.no var ved vatnet laurdag ettermiddag boltra rundt 20 seg på den glatte og fine isflata.

- Men uskedelingane må ta seg saman, i dag har vi frå Rosendal faktisk vore i fleirtal her, sa Sveinung Eskeland på vegne av fire-fem familiar som hadde sett kursen mot Uskedalen for å kose seg på skeisene. Brørne Kristoffer (8), Sondre (10) og Jonatan (6) tykte, som faren, at det var storvegs på Fjellandsbøvatnet.

Men familien hadde faktisk sesongdebutert ein annan stad – på eit tjønn innanfor Omvikdalen. Det frys til tidlegare enn vatnet i Uskedalen sjølv om også dette er "tidleg ute" fordi det er så grunt.

Hvis veret held, teiknar det til å bli fine tilhøve og stor skeise-utfart i julehelga i Uskedalen. Fjellandsbøvatnet med omegn er i sannheit eit eldorado året rundt! Det ligg berre 191 meter over havet og er lett tilgjengeleg.

Av Ola Matti Mathisen



Det var framifrå tilhøve for skøyte-entusiastane på Fjellandsbøvatnet laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)